



Kulturmiljødokumentasjon
Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m. fl., Øvre Fantoftåsen
Bergen kommune

Innhald:

Innleiing:	s. 3
Historisk utvikling:	s. 4
Kulturmiljø	s. 10
Historisk vegfar	s. 15
Meir om strøkskarakter	s. 19
Bygningane i planområdet	s. 27
Øvre Fantoftåsen 38	s. 27
Øvre Fantoftåsen 42	s. 34
Rivedokumentasjon Øvre Fantoftåsen 39	s. 40
Det føreslåtte tiltaket	s. 62
Oppsummering og skildring av konsekvensar	s. 62
Litteratur og kjelder	s. 65

Januar 2026

Prosjekt: Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m. fl., Øvre Fantoftåsen, Bergen kommune

Tiltakshavar: Bybo AS

Konsulent: En til en arkitekter AS

Utarbeidd av: Historikarverksemda SA v/Håvard Klyve Parr, faghistorikar


Kontakt: haavard@historikarverksemda.no tlf: 971 14 202

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljødokumentasjon i samband med detaljreguleringa for prosjektet Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m.fl., Øvre Fantoftåsen i Bergen kommune, på oppdraga frå Bybo AS.

Planområdet ligg i Årstad bydel omlag 6 kilometer frå Bergen sentrum. Området er del av eit område med frittliggande småhusbusetnad mellom senterområdet Fantoft i sør og grøntområdet med Tveitevannet i nord. I KPA er det føreslåtte planområdet, som er på 8110 m², avsett til byfortettingssone. Planområdet er omfatta av H570_3 Angitt hensynssone kulturmiljø – Område 10. Fantoftåsen. Delar av området er også omfatta av H570_4 Historiske veifar.

Området er regulert i to eldre reguleringsplanar: Årstad Gnr. 12 bnr. 30 og del av bnr. 2, Fantoft, Plan-ID 30300000, ikrafttredelse 1955 og Årstad Bergensdalens sydlige del, distr. Slettebakken, Plan-ID 105200000, ikrafttredelse 1950.



Øvre Fantoftåsen, forslag til planavgrensning.

Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna byggesaker, tinglyst materiale, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet har blitt utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 11. og 25. september 2025. Alle foto er teke av Historikarverksemda under ei av desse synfaringane, med mindre anna er oppgitt i biletteksten.

Målet med planen er å legge til rette for bustader i form av konsentrert og frittliggande småhusbustad. Det er i dag tre bustadhus innanfor planområdet. Det vert føreslått å rive eitt, samt oppgradere to av desse bustadhusa, samt å etablere fire nybygg. I hovudsak er det føreslått familiebusstader.

Historisk utvikling

Garden Fantoft grensar i sør til Hop, i søraust mot Tveiterås, i aust mot Øvre Nattland, i nord mot Slettebakken og i vest mot Storetveit. Grensene mot grannegardane var hovudsakleg naturlege ut frå topografien, med unntak av Storetveit, der grensa går tvers gjennom gamal utmark. Måten gardane er skilde frå kvarandre tyder på at dei ein gong var den same garden, med Fantoft som den minste av delane. Dette gir ein indikasjon om at denne garden er den yngste av dei.

Gardsnamn og storleik tyder på at Fantoft vart rydda i vikingtida, etter år 800. Larsen skriv i første bandet av Fana bygdebok at gardsnamnet er samansett av forn – som tyder gamal og tuft, altså bustad. Garden er første gang nemnt i Vincents Lunges jordebok, der det står at garden låg aude, og vidare at denne audegarden låg under Storetveit. Larsen sluttar at gardsnamnet Fantoft neppe kan vere frå seinmellomalderen då Fantoft låg aude, men heller oppstod då staden vart busett i gammalnorsk tid. Gardsnamnet fortel då ei historie om tidlegare bustad, at den gamle tufta framleis var så pass kjent at den kunne verte brukt som gardsnamn. Slik vitnar namnet om ein bustad som vart forleten, men seinare kom i bruk att. Truleg vart garden nyridda og busett kring 1590, då garden er skyldsett til ½ laup smør.

I mellomalderen høyrde Fantoft inn under Nonneseter kloster, men på 1600-talet kom garden i privat eige. I 1645 var det to brukarar på garden, medan byborgaren David Mogenssøn to år seinare sat med garden åleine. Garden vart etter dette i hovudsak driven av byborgarar, og også nytta som avlsgard.

Myking skriv i andre bandet av Fana bygdebok om korleis Fantoft vart bygsla bort til leigendingar frå 1730-åra og fram til 1768, berre avbrote av ein kort periode med sjølvveigande bønder (1742-43), noko som og var tilfelle frå 1768 til 1773, då gullsmeden Ditmar Kahrs kjøpte garden for 700 riksdalar. Gullsmeden gjekk for det uprøvde. Han forsøkte å dyrke opp myrer til åker, og meir vellukka: han starta med vekselbruk. Dette innebar at han skifta mellom åker og eng på den same jorda, noko som hindra utarming. Vekselbruk var Kahrs først ute med i Fana og han eksperimenterte også med ulike korntypar.



J. F. L. Dreier har fanga «Fantoft gaard» i ein akvarell frå 1816

På slutten av 1700-talet vart husmannsplassane Botnen, Myra og Neset rydda. I 1857 vart Fantoft delt i to bruk, og husmannsplassane Myra og Neset blei slått saman til bruk 2; Nedre Fantoft. Bygningane på dette bruket vart plassert der husmannsplassen Myra hadde lege tidlegare. Det er kjernen i dette gardsanlegget som i dag ligg tett sør for planområdet, i dag nytta av Fantoft Gård barnehage.

Heilt frå 1890 byrja Bergen komme å kjøpe opp areal i Årstad med tanke på ekspansjon sørover. Denne kom først i dei næraste områda og sørover Bergensdalen. For Bergensdalens sørlege del, var det arkitektane Kristian Korff og Kåre Frølich som utarbeidde Slettebakkplanen. Planen var ein manifestasjon av det funksjonalistiske planidealet, utforma som ein stor busetjingsplan der hovudfargen var grøn. Det grønne landskapet sto fram som eit stort samanhengande fellesareal og busetjing var plassert som frittstående objekt eller mindre grupper. Reguleringsområdet var også i hovudsak spreitt gardsbusetnad, og eit mål med planen var å ta vare på karakteren i landskapet og skape rikelege fellesareal. I dei meir kuperte områda var det planlagt småhusbusetnad, medan smale 3-etasjes lamellblokker var teikna inn i området kring Tveitevannet.

Så seint som i 1959 var det 60 mål dyrka jord, 20 mål kulturbeite og 30 mål utmark på garden Nedre Fantoft, men då ikkje lenger gardsdrift. Måten området gradvis vart transformert i tiåra som fylgde, ser vi kanskje best i luftfoto av området. I desse ser vi tydeleg korleis jordbruksland vart erstatta av busetjing. Dei syner og den veldige utviklinga som har skjedd sør for planområdet, mellom anna med etableringa av Fantoft Studentby, og bygginga av Fantoft omsorgssenter.



1948. Vi ser vegen sno seg forbi gardsanlegget. Merket står der Øvre Fantoftåsen 39 seinare kom. Enkelte spreidde einebustader har come i området, men i hovudsak er det gardsland. Gul markering viser plangrense. (Ortofoto henta frå Norgebilder.no)



I 1951 kan vi sjå at det er byggeaktivitet på gang innanfor planområdet. Lenger aust skjer det også nybygging. Gul markering viser plangrense. (Ortofoto henta frå Bergenskart.no)



I 1962 har bygningane i planområdet reist seg. Øvre Fantoftåsen 38 sto bruksklar i 1952, nr. 39 i 1957 og nummer 42, som vi ser av bilete har kome opp – i 1962. Rekkehusa i Vestre Fantoftåsen som ligg parallelt med Storetveitvegen har også kome til. (Ortofoto henta frå Norgebilder.no)



I 1970 har det kome til store endringar sør for planområdet. Både Fantoft studentby rett sør for planområdet og blokker søraust for planområdet. Storetveit skole, bygd i 1967 ser vi sørvest for planområdet. Gul markering viser plangrense. (Ortofoto henta frå Bergenskart.no)



I 2005 er området nærast Fantoft gård bygd ut. Fantoft omsorgssenter som sto ferdig i 2004 dekkjer mykje av dette arealet. Gul markering viser plangrense. (Ortofoto henta frå Bergenskart.no)



Planområdet, med kringliggande busetjing i 2024. Langs Storetveitvegen er bygginga av samanhengande bustadbygg i 3 til 4 etasjar i full gang. Gul markering viser planområde. (Ortofoto henta frå Norgebilder.no)

Sør for planområdet reiste altså Fantoft Studentby seg på terskelen til 1970-åra. Teikna av Jørgen Djurhuus, Erik Dogger og Erik Fersum har dei tre murblokkene vorte eit landemerke på Fantoft. Studentbyen hadde 1300 bueinheiter og ei høgblokk med 18 etasjar. Etableringa skjedde på tida då Fana herred vart innlemma i Bergen kommune (1972). Nærleik til byen og gode kommunikasjonar var føremoner då studentbyen blei etablert. Med etableringa av Bybanen mange år seinare vart dette forsterka. Enno nærmare planområdet vart Fantoft omsorgssenter bygd i 2004. Det store anlegget er teikna av Fortunen og Pedersen/Ege Arkitekter og fordeler seg på fleire bygningar.



Luftfoto teke av ein nybygd Fantoft Studentby i 1970. (Foto: Widerø flyfoto, Ubb Billedsamlingen)

Kulturmiljø

Planområdet ligg i eit område med sentrale kulturminneverdiar av ulik karakter. Det ligg innanfor H570_3 Angitt hensynssone kulturmiljø – Område 10. Fantoftåsen. Delar av området er også omfatta av H570_4 Historiske veifar. Det er ingen freda kulturminne i sjølve planområdet, men i nærleiken.



Oversynsbilete av planområdet, henta frå 1881.no. Øvre Fantoftåsen 39 ligg nær sentrert i biletet. Slettebakken hovedgård og lystgård i høgge biletkant.



Kartet her er henta ut frå Bergenskart og kartlaget kulturminner. Området med skråstrek syner hensynssone kulturmiljø (H570_3). Den skraverete vegstrekninga som fyl Vilhelm Bjerknes vei i planområdet markerer historisk vegfar. (Bergenskart.no)

Det nærmaste er, som vi ser av kartet, anlegget Slettebakken hovedgård og lystgård, som ligg aust for planområdet, noko høgre i terrenget. Hovudbygningen på Slettebakken er frå slutten av 1700-talet og i hovudsak teke vare på i opphavleg form.



Slettebakken hovedgård og lystgård, truleg fotografert i 1920-åra av Olaf Andreas Svanøe. (Foto: Ubb Bildesamlingen)

Hovudgården er eit langstrakt trehus i ein etasje som er kledd med kvitmåla vestlandspanel. Både nord og sør for huset er det restar av hageanlegg frå lysttida, og fleire av bygningane på anlegget er teke vare på.

På Storetveitmarka, vest for planområdet er det funne arkeologiske minner som er automatisk freda. Nær Kirkevegen er det funne dyrkingsspor frå romartida. Noko lenger vest er det gjort eit anna arkeologisk funn. Det er eit dyrkingsspor tidsett til førromersk jernalder.


I skildringa av henssynsonene for kulturmiljø i Årstad bydel, heiter det om Fantoftåsen at «Området er preget av enhetlig terrengtilpasset bebyggelsesstruktur lineært langs veier som rekkehus langs Storetveitvannet, og som eneboliger mot Slettebakken og på neset i Tveitevannet. Området kjennetegnes av bygninger med arkitektur av høy kvalitet, og god materialbruk.» Som det går fram av karta og områdefoto, er både planområdet og tilstøytande område prega av villabusetjing frå 1950- og 60-åra. I området er fleire kjende Bergensarkitekter frå perioden representerte. Halldan Wiberg har teikna fleire hus, Peter Helland- Hansen to, men også Einar Vaardal Lunde, Sverre Losnedahl og Bjørn Simonnæs er representerte.



I skråfotoet, henta frå 1881.no, er arkitekter skrive inn for einebustadane i og nær planområdet. Strøkskarakteren, med terrengtilpassa og forseggjorde einebustader på Øvre Fantoftåsen går også fram av biletet.



På dette kartet henta frå bergenskart.no har vi teikna inn statusår for bustadhus i og nær planområdet. Utbygginga i og kring planområdet skjedde i 1950- og 60-åra. (Bergenskart.no)



Fantoftneset og Fantoftåsen er prega av ein lineær busetnadsstruktur – noko som går tydeleg fram i denne illustrasjonen frå «Veiviser i bebyggelsen» (1990). I vegvisaren er bustadstrukturen i området Fantoftneset-Fantoftåsen skildra slik: «Lineær bebyggelsesstruktur, terrengtilpasset langs veier. Eneboliger på små tomter, rekkehus.»



Planområdet slik det framsto i 1961. (Foto: Widerø flyfoto, Ubb Bildesamlingen)

Historisk vegfar



Kartet her er henta ut frå Bergenskart og kartlaget kulturminner. Området med skråstrek syner hensynssone kulturmiljø (H570_3). I dette noko tettare utsnittet enn kartet på side 10 er det historiske vegfaret markert inn i luftfoto av i dag. (Bergenskart.no)



I dette kartet er Historisk ferdsel og gardstun lagt inn i Kulturmiljøkart frå Bergenskart. I kartgrunnlaget er det gamle vegfarete som går sør i planområdet og tett på gardsanlegget registrert som ein del av den Stavangerske postveg. Tine Eikehaug, som er fagressurs kulturarv/kulturmiljø ved Statens Vegvesen og forfattar av handboka Statens Vegvesen har utarbeidd om postvegane, er derimot usikker på om vegstrekket kan ha vore offisiell postveg. Ho meiner det truleg er snakk om ein eldre allfarveg mellom omlandet og byen.

I Noreg vart det etablert postgang frå 1647, og denne var ei sentral drivkraft i utviklinga av vegnettet kring Bergen. I Bergen vart det etablert rute mot Christiania (Oslo) først, men noko seinare kom også postruter til Stavanger og Trondheim. Postvegen til Stavanger vart vedteken i 1785, men då hadde det allereie eksistert postsamband mellom Bergen og Stavanger i lengre tid. Om vegen over Fantoft har vore postveg, så må det i tilfelle ha vore i denne tidlege fasen av posthistoria, framheld Tine Eikehaug fagressurs kulturarv/kulturmiljø hjå Statens Vegvesen.

Etter vedtaket om fast postrute mot Stavanger, så var det traseen om Natland som vart fast postveg sørover. Postvegen austover mot Christiania vart då lagt om slik at den fram til Midthun hadde den same traseen, før dei der skilde lag. I «Kart over Landevejen fra Bergen til Stiftsdelet paa Fillefjeld oppmaalt Aar 1825 av Captain J.H. Reichborn» er det nett denne vegen over Natland som er vist, skriv Tine Eikehaug (sjå kartet under). Denne vegen over Natland hadde mange høgdemeter, men var den kortaste, og anlagt etter rette linjer. Noko som gjerne vert omtalt som det franske prinsipp. Allereie frå 1770-åra var denne vegen mellom Natland og byen køyrbar med hest og vogn, noko som går fram av eit kart teikna av Nils Thodal frå 1770-åra. Dette kartet, som i dag er å finne hjå det kgl bibliotek i København syner to vegar sørover frå Bergen. Den eine til Fjøsanger og den andre over Natland og fram til Midthun. Ut frå denne siste gjekk det ein sideveg til Slettebakken og Fantoft, altså vegen sør i planområdet. Og frå denne vegen kunne ein gå vidare sørover mot Midthun. Denne vegen er også vist i det seinare kartet utarbeidd av Reichborn. Det er få offentlege vegar i kartet, noko som får Tine Eikehaug til å «anta at vegen forbi Fantoft historisk sett har vært av en viss betydning.»



I «Kart over Landevejen fra Bergen til Stiftsdelet paa Fillefjeld oppmaalt Aar 1825 av Captain J.H. Reichborn» er det vegen over Natland som er teikna inn som postveg mot Stavanger. Men vi ser «Vei til Fantoft» som ein av få andre vegar markert i dette kartet.



Utsnittet frå Gottbergs kart frå 1772 med markering av postvegane på den tida (illustrasjon frå Byantikvaren – attgjve i Identitet med særpreg. Kulturmiljøplan for Bergen 2021-2025)

Ser vi nærare på vegfaret som i dag går gjennom planområdet i sør, så framhevar fagekspertane at den har alderdommeleg preg. Dette er ein både smal og trang veg som ikkje er utvida mot sideterrenget. Sigmund Bødal frå Statens vegvesen, ser i murane på nordsida av vegen alderdommelege trekk. Han ser dette i korleis muaren er teknisk utført, mellom anna med små steinar som er kilt inn muren.

Tine Eikehaug, som kjenner dette området godt, meiner delar av vegen ligg i sin opphavelige trasé. Då forbi Fantoft gård og vidare mot Storetveitmarken, men at det frå Fantoft og mot Slettebakken (Øvre Fantoftåsen), der terrenget er bratt meiner ho vegen må vere lagt om grunna stigninga og for å gjere den køyrbar med hest og vogn – seinare for bilar. Vegen er der lagt i ein krapp slynge på ein høg tørrsteinsmur, som ho meiner må vere frå siste del av 1800-talet eller inn på 1900-talet. Den sprengte skjeringa på toppen av vegen, meiner ho må vere nyare og at den innerste delen av vegslynge er lagt der etter at den var sprengt ut. Då kanskje som ei utviding av vegen. Tolkinga til Tine Eikehaug harmonerer slik fint med Cathrine Thorstensen ved seksjon for kulturhistorie ved Norsk vegmuseum si tolking av vegfaret gjennom planområdet og opp sløyfa av Vilhelm Bjerknes' veg. Ho ser i vegen trekk frå chausee-perioden som kjem frå midten av 1800-talet. Seinare har det kome til asfaltdekke og betongkantar som truleg har kome til utover 1900-talet. Ho meiner vegen har delar av si opphavelige vegline, men med seinare murar og svingar frå etter 1850. Opp mot vår tid har strekninga så fått nyare rekkverk og vegdekke.



Det historiske vegfaret går mellom Øvre Fantoftåsen 45 og 43 i nord og Nedre Fantoft gård i sør. Muren som vi kan sjå til venstre i biletet her har alderdommelege trekk. Og sidan vegen, med vegdekke truleg har blitt heva ein del gjennom tida, så var ikkje murane nødvendigvis så låge.



Gjengrodde, gamle murar langs vegen. Her frå mur på nordsida av vegen. Mot Øvre Fantoftåsen 45.



Det historiske vegfaret gjennom planområdet har alderdommelege trekk, og ligg nok i sin opphavslege trase fram mot der terrenget vert brattare.



Dette biletet, som ikkje er gjeve årsatal i samlinga ved Ubb Bildesamlingen, syner Nedre Fantoft Gård ein gong i mellomkrigstida. Bilete er teke i retning planområdet (Foto: Eduard Moss, Ubb Bildesamlingen)



Vilhelm Bjerknes' vei stig i terrenget gjennom ein karakteristisk sving i enden av der dette biletet stoggar. Slettebakken Hovedgård og Lystgård ligg på ein terrasse i terrenget aust for vegen. Til venstre i bilete ligg tomanssbustaden Øvre Fantoftåsen 44/46.



Vegetasjonen gjer det litt krevjande å dokumentere. Her er ser vi vegen halde fram ut av planområdet. Det er her vegen er lagt i ein krapp slynge på ein høg tørrsteinsmur. Frå siste halvdel av 1800-talet eller inn på 1900-talet – då for å få mindre stigning på vegen.



I øvre kant av eit luftbilete av Storetveit gård frå 1939, ser vi vegfaret, slik det då låg i terrenget. Fotoet gir også eit godt inntrykk av kulturlandskapet i planområdet slik det var før utbygging utetter 50-åra. Dette er eit utsnitt. (Foto: Widerø flyfoto, Ubb Bildesamlingen)

Meir om strøkskarakter

I utkast til «Kulturminnedokumentasjon Fantoftåsen» utarbeidd av Ann Katrine Birkeland er den varierte busetnaden innafor hensynssona for Kulturmiljø delt inn i fem soner:

Fantoftneset med einebustader og tomannsbustader bygd over eit lengre tidsrom frå slutten av 1930-åra og fram til slutten av 1950-åra. Her er det eigedomar med store hagar, og då dei vart oppført var det med utsikt over den frodige parsellhagen på Sletten-sida av Tveitevannet.



Skråfoto av parti frå Fantoftneset, henta frå 1881.no, som syner eigedomar med store hagar.

Fantoftåsen er variert med einebustader, rekkehus og bustadblokker. Området vart utbygd noko seinare enn Fantoftneset, frå mindt av 1950-åra og til 1970. Rekkehusrekkene oppført i 1958 dominerer, der dei fyl bergryggen i landskapet.



Bilete som syner strøkskarateren i Fantoftåsen, henta frå 1881.no

Vi finn i Fantoftåsen einebustader med relativt store hagar og bustadane er orienterte med utsyn mot Storetveit. Blokkene i området ligg meir trekt attende, men har også utsyn mot Storetveit.

I **Vestre Fantoftåsen** finn Birkeland rette gater som går parallelt med Storetveitvegen og bergryggen som utgjer Øvre Fantoftåsen. Dette er eit flatare område, med rekkehus som er bygde i 1960/61. I sørenden av vegen ligg tre tomannsbustader bygde i 1963. Dette er eit område som framstår einskapleg med godt ivareteke arkitektonisk uttrykk.



Eit bilete frå Vestre Fantoftåsen i dag.



*Dette bilete er teke i Vestre Fantoftåsen i 1963, eit par år etter at rekkehusa sto ferdige
(Foto: Norvin Reklamefoto, Ubb Bildesamlingen)*

I **Øvre Fantoftåsen**, der vi finn planområdet, er terrenget meir kupert. Her snor vegen seg etter eit eldre historisk vegfar, og det er store tre integrert i hagane. Bygningane har ulike arkitektoniske uttrykk, men er tilpassa terrenget. Her har topografien også gjort det naturleg med større avstandar mellom husa enn i områda som ligg lågare i terrenget. Bygningane i området er oppført i ei tidårsperiode frå tidleg i 1950-åra og inn i 1960-åra.



Biletet syner korleis Øvre Fantoftåsen 43 (til venstre) og Øvre Fantoftåsen 39, ligg i terrenget.



Øvre Fantoftåsen 43 ligg nær planområdet og er ein av tre villaer teikna av Halfdan Wiberg som ligg på rad og rekke (Også Nummer 45 og 41 er teikna av Wiberg). Huset er godt terrengetilpassa og bygd i ein kombinasjon av natursteinsmur og tre.



Vilhelm Bjerknes' vei ligg som ein hestesko rundt Slettebakken hovudgård og lystgård. Skråfoto henta frå 1881.no

Det femte området, **Vilhelm Bjerknes'** vei snor seg i kraftig stigning opp til platået der den freda Slettebakken hovudgård og lystgård ligg. Her er også dei øverste høgbokkene på Søre Slettebakken. Bustadane ligg på baa sider av vegen med utsikt mot Tveitevannet og Storetveit. I den varierte busetnaden inngår eldre gardshus, einebustader frå 1960- og 70-åra, samt fortettingsprosjekt frå 2000-talet.



Austfasaden i det som var våningshuset på Nedre Fantoft gård, bygd kring 1900.

Tett sør for planområdet ligg Øvre Fantoftåsen 54, tidlegare Fantoftveien 10, men og omtalt som Nedre Fantoft gård. Dette gardsanlegget er i «Landås bydel. Verneverdige bygninger og bygningsmiljøer» frå 1993 vurdert slik: «Fantoft gård er et nokså helhetlig og opprinnelig gårdsanlegg med stor historisk og miljømessig verdi, og bygningen bør, sammen med hageanlegget, bevares.» Allereie den gong var det starta opp barnehagedrift på gårdsanlegget, men det har seinare kome til fleire bygg i det som var hageanlegget. Størst av desse det nye barnehagebygget som sto klart i 2012 rett aust for våningshuset. Våningshuset er i sveitserstil og skal vere bygd kring 1900.



Gardstunet er i dag endra mykje. Eit nytt barnehagebygg har kome til (2012). Vi ser Fana omsorgssenter og Fantoft Studentby i bakgrunnen.



Dette bilete frå bruk 2, Nedre Fantoft Gård, er frå 1906. Eigarar og tenestefolk er med. Kolbein Fantoft og kona Birte står midt i bilete. Henta frå boka «Fana, slik det en gang var».



Nedre Fantoft Gård, slik det framstår i dag. Her er det vestfasaden, som ligg heilt inntil vegen.

Bygningane i planområdet

I ein tidlegare planprosess, som dekte eit større område enn planområdet for den no føreliggjande detaljreguleringa, vart det utarbeidd utkast til «Kulturminnedokumentasjon Fantoftåsen» av Ann Katrine Birkeland, Sweco. Denne rapporten er hovudkjelde for den fylgjande omtalen av husa i planområdet, supplert med innsikter frå materiale i byggesaksarkivet frå Bergen kommune og nye synfaringsbilete.

Øvre Fantoftåsen 38

I mai 1950 sender arkitekt Sverre Losnedahl brev til bygningssjefen i Fana, med spørsmål om å gå i gang med grunnarbeidet for huset han har teikna for eigedomen Fantoftsneset 38 (seinare Øvre Fantoftåsen 38). Ferdigattest for bygget finn vi i 1952, og det har i dag to boeinheiter.

Arkitekt Losnedahl har teikna eit par markante bygningar i Bergen. Den freda bensinstasjonen i Lars Hilles Gate og St. Marcus Kirke (saman med Nicolay Brøndmo) er nok dei mest framtredande. Arkitekt Sverre Losnedahl har vore inspirert av funksjonalisme med innslag av klassiske element, men i bustadhuset Øvre Fantoftåsen 38 er det ein meir nøktern stil i tråd med mykje som vart bygd i etterkrigstida.



Vestfasaden av Øvre Fantoftåsen 38 syner to spegla einingar. Biletet er teke frå hagen på motsett side av vegen som ligg i søkket i terrenget mellom desse husa. Det er originale vindauge i denne fasaden.



Dette bildet, som syner nord- og vestfasaden, gir eit betre inntrykk av korleis huset er lagt inn i terrenget.




Dette flyfotoet frå 1961 gir eit godt inntrykk av korleis bygningen såg ut då den var relativt nybygd. (Foto: Widerø flyfoto, Ubb Billedsamlingen)



Nord og noko av austfasaden.



Inngangspartiet til dei to spegla einingane ligg i austveggen. Om vi held biletet saman med teikninga av det arkitekten omtalar som fasade mot nord-aust, så ser vi at dørene skil seg ein del frå det opphavelige.



Kjellardørene under terrassen i den nordlege eininga er originale.




Bilete teke av vestfasaden frå vegen gir eit betre inntrykk av det bratte terrenget.



Sørfasaden.

I byggesaksarkivet er det teke vare på teikningar av to alternative hus. Eitt av desse stemmer godt med huset slik dei framstår i dag, og er også det som er stempla «Approbert ved bygningsjefens kontor, Nesttun 3/7 - 1959»




Det er i teikninga frå «syd-vest» lagt inn eit høgge terreng enn det vi ser i dag.


Ann. no. 193 49

Bygningsjefen i Fana 15 MAJ 1950

Pl. II
II



MOT. NORD-ØST



MOT. SØD-ØST

APPROBERT

VED BYGNINGSSJEFENS KONTOR

NESTTUN, DEN 3/5 - 1950

ATTESTERES

HUS PÅ FANTOFTNESSET 38 FOR
HERR DAVID STÅSØNES

PLSADER


MÅL 1:100

BERGEN MAI 1950

Handwritten signature
ARKITEKT M.N.A.L.


BLAD 2.

Som vi ser av teikninga var adressa i Øvre Fantoftåsen tidlegare Fantoftnesset.



Etasjeplanane syner at mykje er likt i dei to buenheimene. Både 1. etasje og 2. etasje er like, men spegla. Vi ser at det i 2. etasje er eit felles tørkeloft. Kjellaren er derimot ikkje spegla på same måte. Her er arealet felles, men med separate bodar.

Ut frå det historiske byggesaksarkivet går det også fram at det vart godkjent ei større indre ommøblering av den sørlege delen av tomannsbustaden i 1980. Dette for å tilpasse bygningen ein bebuar med funksjonsnedsetjing. Sjå teikninga under:



Øvre Fantoftåsen 42

Av dei noko sparsame opplysningane om einebustaden i byggesaksarkivet, går det fram at Bygningsrådet avviste det første forslaget til byggemelding, med oppmoding om at fasadane måtte bearbeidast. Nye teikningar vert utforma, og særleg fasaden i søraust endra. Huset er byggemeldt av Gunnar A. Birkeland, men han står ikkje oppført som arkitekt, noko som kan tyde på at bygget er ein såkalla «byggmester-bustad».

Fasadane stemmer i dag godt over eins med dei opphavelige teikningane. Noko som gjer at huset skil seg noko ut er at det er eit av få hus i området som er oppført i mur. Huset har eit forseggjort inngangsparti, bevarte teakvindauge og ein stor altan som yter rettferd til plasseringa på ei hylle i terrenget. Dette er ein bygning med gode arkitektoniske kvalitetar. Tilkomst til huset er både via trapp frå garasjen i Øvre Fantoftåsen, men og gjennom ein massiv port frå Vilhelm Bjerknes' vei.



Bilete av Øvre Fantoftåsen 42, teke frå vegen inn mot Øvre Fantoftåsen 41. Sørvestre fasade, samt gavlveggen i nordvest. Biletet gir eit inntrykk av den massive muren. Frå garasjen går ei steintrapp opp til huset i bakkant av biletet.



Garasjen, som står der det i det foreslåtte tiltaket er teikna ein ny tremannsbustad.



Tilkomst frå Øvre Fantoftåsen. Vi ser at altanen er midlertidig støtta opp.



Murfasaden i Sørøst.




Fasaden i nordøst, med inngangsparti.




Porten som vender ut mot Vilhelm Bjerknes' vei.




Sørvestre fasade i andre etasje. Utsyn mot Øvre Fantoftåsen 39 og på tvers av Bergensdalen til Løgstien.



Dei to fasadane i langveggane. Øvst ser vi fasaden mot sørvest. Teikninga gir ikkje inntrykk av kor høgt og fritt einebustaden ligg.



Fasaden slik den var teikna i nordvest



Fasaden i søraust, som er karakteristisk for huset, og den ein møter når ein kjem inn frå Vilhelm Bjerknes' vei. I dag har glassdører erstatta fondvindauge og ytterdør i denne fasaden.



Rivedokumentasjon for Gnr. 12, bnr. 77,
Øvre Fantoftåsen 39
Bergen kommune

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande rivedokumentasjon i samband med detaljreguleringa for prosjektet Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m.fl., Øvre Fantoftåsen i Bergen kommune, på oppdraga frå Bybo AS. Innanfor planområdet, på Gnr. 12, bnr. 77 ligg i dag Øvre Fantoftåsen 39. Huset, som ligg på ein knaus i planområdet, er føreslått rive som ein del av detaljreguleringa.

Historikk


Gjennom 1956 reiste eit bygg seg på tomta som seinare skulle få adressa Øvre Fantoftåsen 39. Gravearbeidet vart gjort i januar, støypearbeidet hadde kome godt i gang i februar og gjennom sommaren sto huset så ferdig at det kunne målast i midten av september. Arkitekt for bygget som tannlækjar Odd Rødset fikk reist, var Egil Øfstegaard. Huset vart teke i bruk i 1957. Det ligg på ein knaus i terrenget og er godt tilpassa topografien på tomta. Utsynet mot Løvestakken er fritt, og frå hovudetasjen er det planlaus utgang til hagen i vest.

Huset er reist i to etasjar med loft. Dei mange vinklane i huset dannar ulike soner i hagen, som både gir lysinnslepp og lune lommer. Huset var teikna med hybelleiligheter både i kjellar og første etasje (over garasjen) – og ved synfaring kunne vi sjå at mykje av det opphavelige i huset er teke vare på. Då både i rominndelinga og i ulike bygningsdetaljar inne i huset.



I kartet, som er henta frå Bergenskart.no, er Øvre Fantoftåsen 39 markert med ein raud ring.

Fotodokumentasjon



Fotopunkt – rominndelinga er ei forenkling ut frå den opphavslege planteikninga. Rominndelinga i kjellaren er den same som då huset vart bygd. Inngangspartiet ligg i vinkelen nordaust for garasjen.



Bilete 1 syner bod i inngangspartiet i kjellar. På den andre sida av gangen ligg eit lite bad (bilete 2)



Bilete 3. Tekjøken tilhørende hybelen i kjellaren. Dette verkar framleis å vere i opphavelag form.



Bilete 4. Det som tidlegare var hybel i kjellar. I dag nytta til lager.




Bilete 5 og bilete 6. Kjellarrom og trappa frå kjellar og opp til første etasje.



Bilete 7 og 8. Vaskerommet i kjellaren er på dei opphavelige teikningane delt mellom eit vaskerom og eit tørkerom, men denne delinga er skravert på teikningane. Truleg har rominndelinga har vore som dette heile vegen.



Bilete 9, garasje.



Fotopunkt i første etasje – teikninga av rominndelinga er ei forenkling ut frå den opphavelige planteikninga.



Bilete 10 syner toalett i første etasje. Bilete 11 gangen ein kjem inn i frå hovudinngangen i huset.



Bilete 12 er frå kjøkkenet. Bilete teke mot vindauget i søraustveggen.



Bilete 13 syner stove og karnapp i sørvest-veggen.



I Bilete 14 ser vi dørene mellom stove og hall.



Bilete 15, frå stova mot spisestova i nordaust.



Bilete 16, teke frå spisestova mot kjøkkenet.



Bilete 17 syner døra som fører ned til kjellaren. Bilete 18 trappa som fører ned.



Bilete 19 syner hall, delar av trappa som fører opp i 2. etasje. I dag er det soverom, over garasjen, der hybel 2 er teikna inn i dei opphavelige teikningane.



Bilete 20 og 21 – detaljar frå trappa opp til 2. etasje.



Bilete 22 er teke inn i soverommet nordvest i 2. etasje.



Bilete 23 – bad i 2. etasje.



Bilete 24 er teke ned trappa.



Bilete 25 er teke inn i rommet omtala som «Loft» i dei opphavelige teikningane.



Bilete 26 er teke frå trappa og ned mot utgangen til terrassen frå 1. etasje.



Bilete 27 er frå kott i 2. etasje, medan 28 er teke frå soverom nordaust i 2. etasje mot gangen og trappa som fører ned til 1. etasje.

Utvendige bilete



Fasaden i nordaust slik den framstår i dag.



Søraustfasade.




Fasaden i sørvest. Huset dannar vinklar som på ein fin måte gir lysinnslepp i hagen. Terrassen er skjerma for vind og det er god samanheng mellom hus og hage.



Nordre del av sørvestfasaden, med inngang til 1. etasje.



Fasaden i nordvest.



Kjellardør i nordvestfasaden – fører inn i vaskekjellaren.



I hagen, som i dag er attgrodd, er det ulike soner på ulike platå – som fyl naturleg topografi.



Frå det høgste punktet i hagen er det utsyn ned til Øvre Fantoftåsen 41

Teikningsmateriale



MOT SYD-VEST

Fasaden mot sørvest, som vender ut i hagen. Denne var teikna med ei strammare symmetrisk plassering av vindauga i stova enn det vi ser på bileta i dag. Det var heller ikkje med vindauge i hjørnet slik det er i huset no.




Ann. nr. 192155
Bygningsplan I Plan

16 SEP 1955

MOT NORD-ØST

Nordautfasaden




VED BYGNINGSJEFENS KONTOR

NESTUN, DEN 12. SEPTEMBER 1955 ENEBOLIG FOR TANNLEGE ODD RØDSETH
 E. NR. 12. B. NR. 2. FANTOFT


Fasaden mot søraust, med garasjen i forgrunnen. Nær slik fasaden framstår i dag. Det er sett inn velux-vindauge i loftsetasjen.

Ann. nr. 192 1055
 Bygningsplan I Fase

16 SEP 1955



Fasaden i nordvest.



Plan over 2. etasje

Oppsummering og skildring av konsekvensar

Øvre Fantoftåsen 39 er føreslått rive som ein del av detaljreguleringa for prosjektet Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m.fl., Øvre Fantoftåsen i Bergen kommune. Dokumentasjonen av det føreslåtte riveobjektet teiknar eit bilete av ein einebustad som er lite endra frå den var bygd i andre halvdel av 1950-åra. Riving av einebustaden vil fjerne noko av tidsdjupna i området og ei fortetting også endre strøkskarakteren som er prega av terrengtilpassa einebustader med hagar.

I skildringa av henssynsonene for kulturmiljø i Årstad bydel, heiter det om nye tiltak og endringar i Fantoftåsen at «Eksisterende bygninger, med fasader, historiske bygningsdetaljer, materialbruk, farger, volum og hage må bevares. Ved etablering av nye tiltak må eksisterende bygningsvolumer, bebyggelsesstruktur, typologi og skala legges til grunn. Materialbruk i området skal videreføres.» Byantikvaren er i si fråsegn opptekne av at det vert teke hensyn til det eksisternade kulturmiljøet, og påpeiker at også «...hageanlegg og topografi som karakterelementer i området» er noko ein i størst mogeleg grad bør bevare.

I forslaget frå arkitektane er det teke fleire grep for å redusere dei negative effektane for det eksisterande kulturmiljøet. Det viktigaste av desse at den føreslåtte utbygginga er tenkt gjort i fleire mindre volum «for å unngå store terrenginngrep» der arkitektane skriv at dei tilstrebar ei heilskapleg utforming der skalaen på bebyggelsen er tilpassa bygningar i

området. Prosjektet har også vorte utforma for i størst mogeleg grad å ta vare på det historiske vegfaret som går sør i planområdet.



Det føreslåtte tiltaket sett frå nordaust. Øvre Fantoftåsen 39 står i dag framme til høgre i denne illustrasjonen. Huset lengst til venstre på den andre sida av internvegen er Øvre Fantoftåsen 38 (En til En arkitekter)

Rekkehuset som er plassert der Øvre Fantoftåsen 39 i dag står, er det største av dei føreslåtte nybygga. Det er plassert nær vegen som går gjennom planområdet og slik ganske lågt i terrenget, og teikna med saltak. Rekkehuset har inngang frå gatenivå, og hage plassert oppe på kollen i vest. Rekkehuset er lagt inntil kollen for «å understreke nord-sør retning på landskap og interngate,» skriv arkitektane.



Leikeplassen på kollen, der Øvre Fantoftåsen 39 med tilhøyrande hage i dag står. (En til en arkitekter)

Det føreslåtte tiltaket

I det nye planforslaget er det teikna inn to nye tomannsbustader i området mellom Øvre Fantoftåsen 38 og Øvre Fantoftåsen 42. Det er også føreslått ein tremannsbustad mellom vegen og Øvre Fantoftåsen 42, i området der garasjen til Øvre Fantoftåsen 42 i dag er plassert. Der Øvre Fantoftåsen 39 i dag står, er det teikna inn tre hus i rekke, nære omtalt i rivedokumentasjonen over.



Bygga er utforma med underetasje i mur, men elles med trekledning. Alle nybygga er teikna med saltak, noko som samspejar med dei andre bygningane i strøket. (En til en arkitekt)

I arkitektane sin presentasjon av tiltaket er det lagt vekt på at dette er bygg som i form reflekter terrenget. Bygningane er lagt i daldraget i retning nord-sør og langs internvegen, og plasseringa av bygningane fyl terrenget gjennom ei gradvis nedtrapping frå nord mot sør. For terrengtilpassing har dei valt fleire mindre volum, som let seg plassere utan store endringar i terrenget. For at prosjektet ikkje skal verke for massivt er det ingen bygg over 3 etasjar og bygningane er plassert nær gatenivå for å unngå for store inngrep. I presentasjonen av prosjektet vert omgrepet eplehagefortetting nytta, og alle familiebusstader er teikna med hage.

Oppsummering og skildring av konsekvensar

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljødokumentasjon i samband med detaljreguleringa for prosjektet Årstad. Gnr. 12, bnr. 104, m.fl., Øvre Fantoftåsen i Bergen kommune, på oppdraga frå Bybo AS.

Planområdet ligg i Årstad bydel omlag 6 kilometer frå Bergen sentrum. Området er del av eit område med frittliggende småhusbebyggelse mellom senterområde Fantoft i sør og grøntområdet med Tveitevannet i nord. Planområdet er omfatta av H570_3 Angitt

hensynssone kulturmiljø – Område 10. Fantoftåsen. Delar av området er også omfatta av H570_4 Historiske veifar.

I skildringa av hensynsonene for kulturmiljø i Årstad bydel, heiter det om nye tiltak og endringar i Fantoftåsen at «Eksisterende bygninger, med fasader, historiske bygningsdetaljer, materialbruk, farger, volum og hage må bevares. Ved etablering av nye tiltak må eksisterende bygningsvolumer, bebyggelsesstruktur, typologi og skala legges til grunn. Materialbruk i området skal videreføres.»

Byantikvaren er i si fråsegn opptekne av at det vert teke hensyn til det eksisterande kulturmiljøet, og påpeiker at også «...hageanlegg og topografi som karakterelementer i området» er noko ein i størst mogeleg grad bør bevare. For oppgradering av eksisterande bygningar i planområdet heiter det at det «Det må gjennom planarbeidet komme tydelig fram hva dette innebærer for kulturminneverdien til enkelte bygningene, slik at viktige arkitektoniske kvaliteter ikke går tapt.»



Frå det historiske vegfaret sør i planområdet vil det foreslåtte tiltaket sjå slik ut. (En til en arkitekter)

Byantikvaren minner om det historiske vegfaret og skriv at «I tillegg til tilpassing til landskapet og de eksisterende boligene vil det bli avgjørende at kulturmiljøverdiene til veien ikke forringes.»

Illustrasjonane frå arkitektane i En til en arkitekter syner på ein god måte korleis dei svarar ut omsyna ein frå kulturminnehald er opptekne av. Tiltaket inneber ei endring av bygningsmiljøet som også fjernar noko av tidsdjupna. Fortettinga reduserer også noko av det frie arealet, men i plassering og volum er tiltaket forsøkt gjort skånsamt ut frå kulturminneomsyn. Vegfaret i sør vert i liten grad påverka av tiltaket og plasseringa av dei nye bygningane nær gateplan og langs internvegen tek opp i seg sentrale trekk i strøkskarakteren.

Ved etablering av nye tiltak heiter det om hensynssona at «eksisterende bygningsvolumer, bebyggelsesstruktur, typologi og skala legges til grunn. Materialbruk i området skal videreføres.»

Tiltaket inneber ei fortetting, og større bustadutnytting av arealet. For at dei nye bygningane skal inngå i den eksisterande bustadstrukturen er nybygga teikna med saltak langs kotane, noko arkitektane finn gode eksempel på i området. «Det er samlende materialbruk gjennom prosjektet, noe som gjenspeiler bygningene som finnes i området i dag,» skriv En til en arkitekter.



Sett frå nord. Illustrasjonen syner på ein god måte kor tett på internvegen dei føreslåtte bygningane ligg. (En til en arkitekter)



Grøntområdet i nord.

Litteratur og kjelder

Nyberg, Jan: *Arkitekturguide Bergen* (2008)

Thowsen, Stein: *Fana, slik det en gang var* (2002)

Landås bydel. Veiviser i bebyggelsen (1990)

Landås bydel. Verneverdige bygninger og bygningsmiljøer (1993)

Landås bydel. Arkitektonisk stedsanalyse

Larsen, Jacob T.: *Fana bygdebok 1: Fra de eldste tider til 1665* (1980)

Larsen, Jacob T.: *Fana bygdebok 4: Gards- og ættesoge*. (1984)

Myking, John Ragnar: *Fana bygdebok 2: Bønder nær byen: 1665-1870* (1990)

Roald, Hans-Jacob: *Byplanen: en historie om utviklingen av Bergen by*. (2010)

Identitet med særpreg. Kulturmiljøplan for Bergen 2021-2025

Utkast til «Kulturminnedokumentasjon Fantoftåsen» utarbeidd av Ann Katrine Birkeland, Sweco (2020)

Arkitektur+ (dokument utarbeidd av En til En arkitekter)

www.kulturminnesok.no

www.marcus.no

www.norgeibilder.no

I arbeidet med det historiske vegfarete har vi fått god hjelp av Tine Eikehaug (fagressurs kulturarv/kulturmiljø ved Statens Vegvesen og forfattar av handboka Statens Vegvesen har utarbeidd om postvegane), Sigmund Bødal (Statens Vegvesen) og Cathrine Thorstensen (Norsk vegmuseum, Seksjon for kulturhistorie)

Fra: Nilsen, Endre Steen <Endre.Nilsen@bergen.kommune.no>

Sendt: fredag 23. januar 2026 14:08

Til: haavard@historikarverksemda.no

Kopi: Hedvig Godvik Olsen <hedvig@entilen-arkitekter.no>

Emne: SV: Spørsmål om godkjenning av rapport (Årstad. Gnr. 12, bnr. 104 m.fl. Øvre Fantoftåsen.)

Kulturmiljødokumentasjonen for reguleringsplanen Årstad. Gnr. 12, bnr. 104 m.fl. Øvre Fantoftåsen. er godkjent

Med vennlig hilsen

Endre Steen Nilsen

Fagleder planer og samfunn, Byrådsavdeling for byutvikling / Byantikvaren

Bergen kommune

Postboks 7700 | 5020 Bergen

Telefon 408 12 097